
Fra: Hans Kristian Dolmen
Sendt: 3. april 2014 13:48
Til: 'feriksen@mil.no'
Emne: Mellombels svar - Hyttefelt Skarpeneset

Hei, syner til dykkar søknad motteke 30.01.2014 og seinare dialog knytt til spørsmål om frådeling og planstatus.

Etter å ha motteke ytterlegare dokument frå dykkar vil eg seie følgjande:

1. Planstatus for eigedomsområde mellom område merka B2 og B3 må reknast som areal med arealbruksføremaal Fritidsbustad. Dette gjeld da eigedom gnr 41 bnr 16, 40 og 42 samt ein del av dykkar eigedom gnr 41 bnr 3.
2. Slik ei les dokumenta kan det ha vore intensjon at heile det aktuelle området skulle vere lagt ut til bustadføremaal, men dette er ikkje gjennomført, verken i vedtak eller planframstilling.
3. Søknad som er motteke her 30.01.2014 må difor vere å rekne som ikkje i tråd med plan. Kan ikkje dele frå til føremål bustad når det i plan er gjeve ramme for fritidsbustad.
4. Mi oppfatning er at vedtak og sak 105/96, datert 22.10.1996, ikkje gjev grunnlag for planendring av denne del av eigedomen.
5. Dersom dykk ønskjer å dele frå til bustadføremaal kan det søkjast om dispensasjon, men me ønskjer helst mindre planendring.
6. Dette er likevel ikkje garanti for at søknad vert komen i møte.
7. Me avventer handsaming av saka til me høyrer frå dykk.

Mvh
Hans Kristian Dolmen
Arealplanleggjar
Meland kommune
56 17 10 00